

Kart for skeisesport!

09.01.2010



Erlend Moen og Torill Ljosnes Moen i arbeid på Fjellandsbøvatnet i føremiddag. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Klokka 10 i føremiddag køyrd Erlend Moen og Torill Ljosnes Moen snøfresaren ut på Fjellandsbøvatnet og tre timer etterpå kunne dei ynskje friluftsglade uskedelingar og andre velkome til skeise-mosjon!

Termometeret viste framleis minus 15 etter å ha vore heilt nede på 20 om natta på Friheim, men kuldegradene verka slett ikkje bitande.



Det er også skiløype rundt vatnet og flere nyttet denne i føremiddag. (Foto: Ola Matti Mathisen)

I tillegg var det strålende solskinn, i motsetnad til i store deler av bygda som framleis ligg i fjellskyggen. Ekteparet Moen fortener ros for det fine initiativet, som blir til glede for mange denne helga. Det er uproblematisk å køre med bil heilt fram til vatnet, men for å unngå kaos er det nok lurt å parkera på Friheim.

Skeise-ovalen er truleg rundt 200 meter lang. Og viktigast av alt: Isen er så trygg som han kan vera, for Erlend har målt og sleg fast at han er 25 centimeter tjukk. Allereie før det store snøfallet var han 10 centimeter, men då kom snøen som ei hindring for skeise-entusiastane.

Av Ola Matti Mathisen)